

## Best in show for sjef Anita



Smil til fotografen!

Anita Lie, tidlegare Uskedalen, er den drivande kraft i arrangementene av elghundutstillingene i bygda. I dag har årets utstilling gått av stabelen med rekord-detaking og sjefen Anita var ikkje snauare enn at ho stilte med hunden som var best in show. Det var svarhundtiska Børvellas Laika, som ho eig saman med Svein Handeland. Som ein god nummer 2 i toppvurderinga til slutt kom den grå hannhunden Power av Gausbu som Stein E. Frantzen i Dalen eig og tredjebest vart ein jëmthundhann som Christian Solvik Haukenes på Varaldsøy er eigar av.

Hvis ein også reknar med dei 7 i kvalpeshowet deltok det 53 i utstillingen dette året og det er rekord. Den var prega av høg standard både på hundane og sjølv arrangementet! Det kom ein liten regnskvett, men hunde-entusiastane hadde ein triveleg dag ved Aktivitetshuset. Dei mest langvegsfarande var frå Umeå i Nord-Sverige og Trysil.

Tryslingen var dommaren Arild Berget frå Jordet som også har dømt denne utstillingen ein gong tidlegare og atter imponerar med sin presisjon. Han avviklar rundt 15 utstillingar i året og er i aksjon også i Sverige og Finland.

Gjesten Anna Majaniemi frå Umeå som er ein stor entusiast, er stadig på farten til utstillingar med kameraet sitt og har ein eineståande fotosamling. Ho hadde stortrivs i Uskedalen og var imponert over naturen som ho kommenterte slik:- Slik kunne eg tenkt meg å bu!

Dommaren var på si side full av ros om standarden på hundane som han fant var svært høg, men hannane nådde noko høgare enn tispene, Om hannane sa han at det var svært problematisk å skilja deltakarane, det måtte helst skje på grunnlag av detaljar.

Tekst, foto og nett. Ola Matti Mathisen



Dommer Berget; - Ta ei runde till!



Anita Lie og Anna Majaniemi frå Umeå